

KULTUR

TIPS OSS! **916 20 916**

nordhordland.no

Send gjerne bilde, tekst og video frå der du er. E-post: redaksjonen@nordhordland.no

Tlf: **56 35 55 55** Tipstelefon: **916 20 916**. SMS/MMS: **NHTIPS til 2005**

Les Nh+ på nett. Registrer deg på nordhordland.no for å få tilgang.

God stemning og



EIGEN BÅT: Små og store koste seg på Fønneskaien under Fønnesdagen laurdag. Her kunne ein mellom anna snikra sin eigen båt.

ALLE FOTO: MORTEN SÆLE

Rundt 700 fann vegen til Fønnes kai under Fønnesdagen laurdag. Fredag stor-koste 360 seg i teltet med Hanne Sørvgå-konsert.

MORTEN SÆLE
morten.saele@nordhordland.no

- Det blei nesten litt sprøtt for

oss, seier Silje Andvik Hoaas på vegner av arrangørane, Fønnes bygdelaag.

- Vi hadde følgt vèrmeldinga med spenning, og såg litt mørkt på kor mange som ville komma på konserten. Så vart det heilt utseld, ikkje ein einaste billett att, seier ho.

Ny rekord

360 publikummarar fekk med seg Hanne Sørvgå i storform.

- Det er ny rekord, vi har ikkje hatt så mange før. Det var elle-vill stemning og full jubel, fortel Hoaas.

- Eg trur Hanne Sørvgå fekk seg ei bonusoppleving frå scena og, vi hadde nokre karar på fremste rad som hadde bestemt seg for å laga god stemning. Ho hoppa til og med ned frå scena og dansa med ein av dei, då løfta taket seg, seier ho.

Laurdag var det klart for den



TEMPO: Tempoklubben viste fram blankpussa tohjulingar.



KANINAR: Kjekt å klappa kaninane.



STASELEG: Mykje flott å sjå langs kaikanten på Fonna laurdag.



BÅTBYGGAR: Mange nytta høvet til å bygga seg sin eigen båt.

ny rekord i teltet



REKORD: Stor stemning og fullt hus under konserten med Hanne Sørvalg i teltet fredag kveld.



ELIASBÅTEN: Alle som ville fekk seg ein tur med båt på vagen.



SJØLIV: I store tankar på land kunne små og store sjå nærare på livet i havet.

21. utgåva av den tradisjonelle Fonnedagen med fokus på det maritime.

Godt oppmøte

- Det har vore rundt 700 menneske på kaien i dag, det er vi godt nøgd med. Det har vore eit renn frå vi opna 12.00 til vi stengde, fortel Hoaas.

Store og små koste seg med alt frå båtspikking og spleising, gamle motorar og motorsyklar,

utstillingar og flotte båtar, for å nemna noko. Heilt nytt i år var strikketroken, der ein kunne læra seg å strikka.

- Vi var kjempeheldig med været, det var regn heilt til vi opna, då slutta det å regne og skein opp, det var utruleg flott, seier Hoaas.



KOS: Populært å få kosa litt med små pelskledd krabatar.